

Nye Ålesund kommune og Interkommunale samarbeid



Tilråding til fellesnemnda

Lagt fram av komité P3

09.01.2018

Innhold:

A Tilråding til vedtak	3
B Oppdraget	6
C Omfanget av samarbeid i dag	7
D Avgrensing.....	7
E Endring i lover	8
F Kriterier for vurdering	8
G Vertskommunesamarbeid.....	9
Barnevern	10
Brannvern.....	11
IT	12
Kemner	13
Krisesenter. Overgrepsmottak	14
Landbrukskontor	15
Legevakt	16
NAV.....	17
PPT.....	18
H Interkommunale selskap.....	19
Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKA)	19
Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS	20
SAHARA (Sandøy/Haram) interkommunale vassverk IKS	20
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS	21
Sunnmøre regionråd IKS.....	22
Åknes/Tafjord beredskap IKS	23
Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS.....	24
I Felles råd	25
Forliksråd:.....	25
Politiråd:	26
Kyrkjeleg fellesråd:	26
J Felles styre.....	27
E-kommune Sunnmøre.....	27
Interkommunalt utval mot akutt forureining(IUA)	28
Ålesundregionens havnevesen.....	28
K Om komiteen sitt arbeid	29

A Tiltråding til vedtak

Fellesnemnda for nye Ålesund kommune har etter oppdrag gitt i sitt mandat pkt. 3.7.5 vurdert interkommunale samarbeid som noverande kommunar Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund deltek i. Som eit ledd i arbeidet med å gjere nye Ålesund operativ frå starttidspunktet 01.01.20, jf. pkt. 3.8 i mandatet, og etter delegert fullmakt gitt i mandatet pkt. 3.9.1 og 3.9.8, gjer fellesnemnda slikt vedtak:

1. **Fellesnemnda vil at nye Ålesund kommune kan delta i følgjande samarbeid utan endring i anna enn nye juridiske partar:**
 - a. **Administrativt vertskommunesamarbeid:**
 - i. Overgrepsmottak
 - b. **Interkommunale selskap:**
 - i. IKA (Interkommunalt arkiv)
 - ii. Sunnmøre regionråd
 - c. **Felles styre:**
 - i. IUA (Interkommunalt utval for akutt forureining)
2. **Fellesnemnda vil at nye Ålesund kan delta i følgjande samarbeid, men med nye avtalar:**
 - a. **Administrativt vertskommunesamarbeid:**
 - i. Barnevern
 - ii. Brannvern
 - iii. Kemner
 - iv. Krisesenter
 - v. IT, drift
 - vi. Landbrukskontor
 - vii. Legevakt
 - viii. PPT
 - b. **Interkommunale selskap:**
 - i. Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal
 - ii. Sunnmøre kontrollutvalsekretariat
 - iii. ÅRIM
 - c. **Felles styre:**
 - i. Ålesundregionens havnevesen
3. **Fellesnemnda vil at nye Ålesund ikkje fører vidare følgjande samarbeid slik det er i dag:**
 - a. **Interkommunale selskap:**
 - i. SAHARA
 - ii. Åknes/Tafjord beredskap
 - b. **Felles styre:**
 - i. IT, strategi og bestilling

4. Samarbeid som krev nærare kartlegging:

- a. Fellesnemnda tek til vitande det er nødvendig å gjere ei nærare kartlegging av samarbeid om følgjande oppgåver (jf. delprosjektgruppe P3 si utgreiing om felles råd (pkt. I) og om NAV (pkt. G)):
 - i. Forliksråd
 - ii. NAV
 - iii. Politiråd
- b. Prosjektleiaren blir bedt om å starte denne kartlegginga så snart som råd og kome tilbake til fellesnemnda med si tilråding.

5. Administrativt vertskommunesamarbeid:

- a. Denne samarbeidsforma blir avgrensa til tilfelle der ein kommune (samarbeidskommunen) let ein annan kommune (vertskommunen) utføre lovpålagte oppgåver på sine vegne og delegerer mynde til å gjere vedtak som omtala i forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav a.
- b. Der det er aktuelt at nye Ålesund deltek i vertskommunesamarbeid om ei lovpålagt oppgåve, som vertskommune for fleire enn éin samarbeidskommune, legg fellesnemnda til grunn at alle samarbeidskommunane skal delta i same omfang.
- c. Fellesnemnda ber prosjektleiaren følgje opp samarbeida nemnt i pkt. 2 a ovanfor, ved å be eigne faggrupper legge fram sine vurderingar av vilkåret sett i pkt. 5 b ovanfor og kva administrative og økonomiske rammer som bør leggest til grunn for samarbeidet. Faggruppene sine vurderingar med prosjektleiaren si tilråding blir å legge fram for fellesnemnda.

6. Interkommunale selskap og samarbeid med felles styre:

- a. Fellesnemnda legg til grunn at vilkåret for deltaking i samarbeid nemnt i pkt. 2 b og 2 c ovanfor, er utarbeiding av nye avtalar med hovudvekt på
 - i. formålet med samarbeidet
 - ii. oppgåver og mynde som skal ligge hos samarbeidsorganet
 - iii. sikring av god deltakarstyring
 - iv. grunnlag for det økonomiske oppgjeret mellom samarbeidskommunane – kost /nytte, grunnkostnad/meirkostnad, mv.
 - v. samsvar mellom økonomisk ansvar/plikter og representasjon i styrande organ
- b. Fellesnemnda ber arbeidsutvalet om snarast å opprette komité(ar) med administrativ støtte for å vurdere dei nemnte samarbeida med utgangspunkt i pkt. 6 i. – v. ovanfor, og legge fram si tilråding for fellesnemnda.

7. Anna samarbeid:

- a. Fellesnemnda er positiv til å føre vidare andre samarbeid dei fem kommunane i nye Ålesund i dag deltek i. Dette kan vere samarbeid om ulike oppgåver av meir eller mindre permanent karakter, kjøp og sal av tenester, medlemskap i foreningar og lag, og inngåtte partnerskap. Dette vil fellesnemnda ta nærare stilling til på eit seinare tidspunkt.
- b. Fellesnemnda er kjent med at staten kan kome til å gi pålegg til små kommunar om å samarbeide med andre kommunar for å utføre oppgåver og gi tenester som kvar kommune er pålagt eit direkte ansvar for. Dersom dette skjer, er fellesnemnda positiv til at nye Ålesund kan vere vertskommune.

8. Grunngeving for fellesnemnda sitt vedtak i pkt. 1 - 7 ovanfor går fram av delprosjektgruppe P3 si utgreiing og tilråding datert 09.01.18.

Leiaren i fellesnemnda saman med prosjektleiaren blir bedt om å orienter noverande samarbeidskommunar om fellesnemnda sitt vedtak ovanfor.

B Oppdraget

Eitt av måla med kommunereforma er å redusere behovet for interkommunale samarbeid slik at kommunen kan få sterkare styring og kontroll – politisk og administrativt – over dei tenestene og det forvaltningsansvaret kommunen har plikt til å gi sine innbyggjarar. Intensjonsavtalen som er inngått mellom dei fem kommunane Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund om skaping av nye Ålesund kommune, understrekar det same, altså at den nye kommunestrukturen skal gi grunnlag for å redusere omfanget av interkommunalt samarbeid.

Kommunen har direkte ansvar for mange ulike oppgåver og tenester. Direkte ansvar betyr ikkje at kommunen sjølv treng å utføre den enkelte oppgåva eller tenesta, men kommunen er ansvarleg for at oppgåva blir gjort og tenesta ytt.

For oppgåver og tenester der det er behov for eller sterkt ønskje om å ha styring og kontroll, er det tre modellar å velje mellom: a) i eigen kommune, b) vertskommunesamarbeid (administrativt eller med felles folkevald nemnd), og c) interkommunalt selskap. Av desse kan kommunen ha direkte styring og kontroll i modell a) og b). I modell c) er det indirekte styring og kontroll avgrensa til deltakarrepresentasjon i representantskapet.

Intensjonsavtalen gir fellesnemnda i oppgåve å vurdere kva samarbeid det er ønskjeleg eller nødvendig for den nye kommunen å inngå i. Som eit ledd i dette arbeidet har fellesnemnda oppretta ei delprosjektgruppe (P3) for å utarbeide ein rapport som grunnlagsdokument (tilråding)for fellesnemnda si avgjerd. Tilrådinga skal bygge vidare på kartleggingsrapporten 'Hopehav' levert av administrativ prosjektgruppe i mai 2017.

Det er definert følgjande effektmål for delprosjekt P3:

1. Alle skriftlege avtalar om interkommunalt samarbeid som i dag er inngått, tar slutt frå og med det tidspunktet den nye kommunen er operativ (01.01.2020).
2. Pkt. 1 betyr at avtalane må anten bli inngått på nytt, med eller utan endring, eller seiast opp. Nye avtalar må vere signert av partane før 01.01.2020. Oppseiing av avtalar inneber overføring av oppgåvene til den nye kommunen.
3. Effektmålet med delprosjekt P3 er å få fram grunnlaget for å kunne realisere pkt. 2, dvs.
 - a. kva avtalar som bør førast vidare utan endring anna enn nye juridiske partar,
 - b. kva avtalar som bør førast vidare med endringar, og
 - c. kva avtalar som bør bli sagt opp.

C Omfanget av samarbeid i dag

'Hopehav' har registrert følgjande samarbeid som dei fem kommunane deltek i, med kvarandre og/eller med andre kommunar:

Kategori	Tal
Samarbeid om permanente oppgåver	32
Kjøp og sal av tenester	20
Administrativt vertskommunesamarbeid	15
Interkommunale selskap (IKS)	7
Felles råd	6
Felles styre	4
Foreining/lag	3
Partnerskap	2
Kommunale føretak (KF) (4 nemnt i rapporten)	1
Sum	90

Kvart samarbeid innan kvar kategori er nærare omtala i rapporten 'Hopehav'.

D Avgrensing

Dei interkommunale samarbeida Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund i dag deltek i, vil som nemnt, ta slutt frå og med 01.01.20. Samarbeid med skriftlege avtalar inngått med heimel i lov omfattar '*interkommunale selskap*' (IKS), '*interkommunalt samarbeid*' (med felles folkevald nemnd eller administrativt vertskommunesamarbeid), '*felles styre*', og '*felles råd*'. Desse blir særleg råka av ny kommunestruktur ved at det er knytt både oppgåver og mynde til desse samarbeida. Når det juridiske grunnlaget for samarbeidet fell bort, vil ikkje grunnlaget for mynde lenger vere til stades. Dette betyr at det både for nye Ålesund og for samarbeidskommunane er viktig å få avklart så raskt som mogleg kva samarbeid som bør gå vidare og kva som bør avsluttast og førast over til den enkelte kommune.

Samarbeid om ulike '*oppgåver av meir eller mindre permanent karakter*', '*kjøp og sal av tenester*', '*foreiningar og lag*', og '*partnerskap*', mm., må også opp til vurdering, men det hastar ikkje i like stor grad som for dei samarbeida der formalia er avgjerande for at oppgåvene og myndet blir gjennomført på korrekt måte. Delprosjektgruppa har derfor i denne omgang vald å avgrense sitt arbeid til å sjå nærare på dei samarbeida som er nemnt i avsnittet ovanfor.

E Endring i lover

Regjeringa har varsla endring i lov om interkommunale selskap og ny kommunelov (Kommunelovutvalet (NOU 2016: 4)). Forslaga har vore ute på høyring og er o til behandling i departementet. Planen er at proposisjon om ny kommunelov blir lagt fram i 2018.

Endringa i IKS-loven går ut på å gjere den meir denne selskapsforma meir lik aksjeloven. Arbeidet med endringa er lagt på vent og vil ikkje bli tatt opp att før tidleg i 2018.

Kommuneloven vil få ei ny redigering og delvis heilt nytt innhald, ein del vesentlege endringar og ein del mindre justeringar. I følgje forslaget, som har vore på høyring, vil loven få ein eigen del om interkommunalt samarbeid (kapittel 6). Her er det snakk om tre samarbeidsformer: a) regionråd, b) kommunalt oppgåvefelleskap, og c) vertskommune. For vertskommune er det to variantar: administrativt eller med felles folkevald nemnd. Samarbeidsorgan etter a) og b) kan ikkje utøve mynde. Vertskommunen kan utøve mynde.

Det nye er at noverande § 27 om felles styre går ut. Regionråd og kommunalt oppgåvefelleskap er nytt, medan vertskommunesamarbeid blir ført vidare. Lovforslaget set vilkår om samarbeidsavtale og kva den i det minste skal innehalde, for alle samarbeidsordningane.

Både endringa i IKS-loven og den nye kommuneloven vil sette rammer for korleis eit interkommunalt samarbeid kan organiserast.

F Kriterier for vurdering

Fellesnemnda har gitt delprosjektgruppa i oppdrag å svare på tre hovudspørsmål, jf. punkt B ovanfor. Mandatet er ikkje konkret i kva kriterier som gruppa skal legge til grunn for si vurdering ut over at tilrådinga skal byggje vidare på kartleggingsrapporten 'Hopehav'. 'Hopehav' nemner litt om kriterier for vurdering og trekkjer i den samanheng fram tre relevante spørsmål:

- a) Kva er formålet med samarbeidet?
- b) Er kommunen og/eller regionen tent med å delta i samarbeidet?
- c) Kven bør bli med i samarbeidet?

Andre aktuelle spørsmål å svare på er mellom anna:

- I kor stor grad skal nye Ålesund vere regional motor?
- Dersom nye Ålesund for eigen del ikkje har behov for samarbeid, kor open skal kommunen likevel vere for å inngå samarbeid?
- Korleis er forholdet mellom kostnad og nytte?
- Kostnadsfordeling i samarbeidet: Skal ein eller fleire partar subsidiere andre partar, eller skal kvar part bidra økonomisk ut frå kva det ville ha kosta å drive tenesta åleine?

Delprosjektgruppa har vald å ha desse spørsmåla i tankane under sine vurderingar i punkta G – H + J nedanfor.

G Vertskommunesamarbeid

Vertskommunesamarbeid kan vere reint administrativt eller med felles folkevald nemnd. Ingen av dei fem kommunane har i dag vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd. Dei 15 samarbeida er såleis administrativt vertskommunesamarbeid.

Vertskommunesamarbeidet er regulert i kommunelova og kan omfatte to eller fleire kommunar der den eine er vertskommunen og den eller dei andre er samarbeidskommune. Vertskommunen skal utføre oppgåvene for eigen kommune med tillegg av oppgåver for ein eller fleire samarbeidskommunar. Samarbeidskommunen slepp å utføre oppgåve på eiga hand, men har ansvaret for at oppgåva (tenesta) blir utført av vertskommunen med heimel i delegert mynde frå samarbeidskommunen. Den samarbeidande kommunen kan instruere vertskommunen i saker som åleine gjeld eigen kommune eller innbyggjarane i eigen kommune, gjere om vedtak, mm.

Statleg tilsyn med tenester og oppgåver som blir utført gjennom vertskommunesamarbeid, rettar seg mot vertskommunen og ikkje samarbeidskommunen. Vertskommunen blir ansvarleg for å etterleve dei merknader og pålegg tilsynet krev.

Vertskommunen har elles arbeidsgjevaransvaret for arbeid som blir utført for samarbeidskommunen. Vertskommunen har også ansvaret for dei framtidige pensjonspliktene etter at samarbeidet er avslutta.

Som vi ser, ber vertskommunen ei tyngre bør enn samarbeidskommunen.

Nye Ålesund har i liten grad behov for å bli samarbeidskommune for å kunne utføre oppgåver og yte tenester kommunen har ansvar for. Kommunen kan derimot vere i stand til å vere vertskommune for ein eller fleire samarbeidskommunar om fleire ulike oppgåver og tenester.

Nedanfor gir delprosjektgruppa si vurdering av dei noverande vertskommunesamarbeida:

Barnevern

Dagens samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Skodje</u> er i dag vertskommune for Storfjorden barnevern der Norddal, Stordal og <u>Ørskog</u> er samarbeidskommunar • <u>Ålesund</u> sel advokatteneste til Giske, Herøy, Norddal, <u>Sandøy</u>, <u>Skodje</u>, Stordal, Stranda, Sykkylven og <u>Ørskog</u>
Kvifor samarbeid	<p>Barnevernet treng høg kompetanse og god kapasitet for å sette inn rett og kompetent tiltak til rett tid. Eit breitt fagmiljø med tilstrekkeleg distanse til partane er viktig for å sikre objektivitet og handling. Interkommunalt samarbeid kan vere nødvendig for å få dette til.</p> <p>Kvar kommune har plikt til å tilby barnevernsvakt. Dette krev ein vaktplan som i sin tur føreset nok personell til å dekkje turnusen. Eit interkommunalt samarbeid kan gjere det lettare å få dette til.</p>
Regional og lokal verdi	<p>Barnevernstenesta er først og fremst retta mot individ- og familienivå.</p>
Aktuelle deltakarar	<p>Nye Ålesund har for eigen del ikkje behov for samarbeid for å kunne utføre sine barnevernstenester. Spørsmålet blir om Fjord kommune (Norddal + Stordal) vil drive sitt eige barnevern eller om den nye kommunen ønskjer å samarbeide med andre.</p> <p>Nye Ålesund bør vere positiv til interkommunalt samarbeid om barnevernsvakt for dei som måtte ønskje slikt samarbeid.</p>
Samarbeidsavtale	<p><u>Storfjorden barnevern</u> (Skodje og Ørskog + Norddal og Stordal) må bli oppløyst i si noverande form.</p> <p>Dersom nye Ålesund skal inngå samarbeidsavtale bør dette bli som administrativt vertskommunesamarbeid der nye Ålesund blir vertskommune. Samarbeidsavtalen må vere tydeleg på det økonomiske oppgjeret mellom vertskommunen og samarbeidskommunen, også for kostnader som vertskommunen får etter at samarbeidskommunen går ut av samarbeidet eller samarbeidet blir oppløyst.</p> <p>Om nye Ålesund skal selje advokatteneste slik Ålesund gjer i dag, er eit spørsmål om bør bli vurdert saman med vurderinga av dei andre samarbeidsformene der kommunale sel og kjøper tenester av kvarandre.</p>

Brannvern

Dagens samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Ålesund</u> er vertskommune om brannvern (opplæring og øving, tilsyn av særskilt brannobjekt, enklare vedlikehold, hjelp til innkjøp) med <u>Haram</u>, <u>Giske</u>, <u>Norddal</u>, <u>Skodje</u>, <u>Stordal</u>, <u>Sula</u> og <u>Ørskog</u> som samarbeidskommunar • <u>Ålesund</u> har sløkke-avtale med <u>Sula</u> der <u>Spjelkavik</u> brannstasjon rykkjer ut ved akutte tiltak i indre deler av kommunen • <u>Ålesund</u> sel brannførebyggande teneste til <u>Hornindal</u>, <u>Sandøy</u>, <u>Skodje</u>, <u>Sykkylven</u> og <u>Ørskog</u> • <u>Ålesund</u> sel tenesta som brannsjef til <u>Giske</u> og <u>Haram</u> • <u>Ålesund</u> sel lokale, regionale og nasjonale kurs og opplæring retta mot alle kommunar • <u>Ålesund</u> sel feie- og tilsynstenester til <u>Giske</u>, <u>Haram</u>, <u>Norddal</u>, <u>Sandøy</u>, <u>Skodje</u>, <u>Stordal</u> og <u>Sula</u> • <u>Ørskog</u> samarbeider med <u>Vestnes</u> om feing og tilsyn
Kvifor samarbeid	<p>Ei ny forskrift om korleis brannvernet i den enkelte kommunen skal dimensjonerast, er no på trappene. Denne vil gi langt strengare krav enn i dag og vil påføre kommunane plikt til å ha stillingar på heiltid. Dei nye krava som er foreslått, vil ikkje føre til konsekvensar for nye Ålesund da Ålesund allereie i dag oppfyller dei nye krava og dermed kan klare å utføre oppgåvene på eiga hand.</p> <p>Den nye forskrifta tilseier at fleire kommunar vil kunne få vanskar med, på eiga hand, å oppfylle krava. Alternativet er å inngå interkommunalt samarbeid.</p>
Regional og lokal verdi	<p>Brannvernet er ei viktig naudteneste som må trå til uavhengig av kommunegrenser. Derfor deltek brannverna i kommunane i mellom anna interkommunalt utval for akutt forureining og i drifta av naudmeldingssentralen 110. Så sjølv om kvar kommune har eit direkte ansvar for å ha eige brannvern, kan interkommunalt samarbeid vere både nødvendig og ønskjeleg for å følgje opp dette ansvaret.</p>
Aktuelle deltakarar	<p>Nye Ålesund bør vere open for å inngå administrativt vertskommunesamarbeid med nabokommunane.</p> <p>Framtidig samarbeid må bli nærare vurdert av faggruppa som fellesnemnda opprettar for brann og redning. Både organiseringa av brannvernet internt i nye Ålesund og konsekvensane av den nye forskrifta, må stå sentralt i denne vurderinga.</p>
Samarbeidsavtale	<p>Nye Ålesund bør vere open for å inngå samarbeidsavtale om administrativt vertskommunesamarbeid der nye Ålesund blir</p>

vertskommune. Samarbeidsavtalen må vere tydeleg på det økonomiske oppgjeret mellom vertskommunen og samarbeidskommunen, også for kostnader som vertskommunen får etter at samarbeidskommunen går ut av samarbeidet eller samarbeidet blir oppløyst.

Gjeldande avtalar, særleg vertskommunesamarbeid, må bli nye. Ein del av tenestene Ålesund sel i dag, bør bli vurdert endra til vertskommunesamarbeid.

IT

Dagens samarbeid	<u>Ålesund</u> er vertskommune med <u>Giske</u> , <u>Haram</u> , <u>Norrdal</u> , <u>Sandøy</u> , <u>Skodje</u> , <u>Sula</u> og <u>Ørskog</u> som samarbeidskommunar
Kvifor samarbeid	Dette er eit interkommunalt samarbeid for å utvikle dei elektroniske tenestene i samarbeidskommunane. Vertskommunen står for den daglege drifta av IT-tenestene.
Regional og lokal verdi	Samarbeidet har størst verdi for den enkelte kommune som deltek i samarbeidet.
Aktuelle deltakarar	Stordal og Norrdal går saman i nye Fjord kommune. Dersom Fjord ønskjer å delta i samarbeidet vil deltakarkommunane kunne bli Fjord, Giske, Sula og nye Ålesund.
Samarbeidsavtale	<p>Samarbeidet er i dag delt i to: den strategiske utviklinga av tenestene har vore organisert som felles styre; den daglege drifta har vore organisert som administrativt vertskommunesamarbeid.</p> <p>Nye Ålesund kan vurdere å inngå samarbeidsavtale om administrativt vertskommunesamarbeid der nye Ålesund blir vertskommune. Samarbeidsavtalen må vere tydeleg på det økonomiske oppgjeret mellom vertskommunen og samarbeidskommunen, også for kostnader som vertskommunen får etter at samarbeidskommunen går ut av samarbeidet eller samarbeidet blir oppløyst.</p>

Kemner

Dagens samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeidsgjevarkontroll: <u>Ålesund</u> er vertskommune for Giske, <u>Haram</u>, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, <u>Sandøy</u>, <u>Skodje</u>, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Volda, <u>Ørskog</u> og <u>Ørsta</u> • Skatteinnkrevjing: <u>Ålesund</u> er vertskommune for Giske, <u>Haram</u>, Norddal, <u>Sandøy</u>, <u>Skodje</u>, Stordal, Sykkylven og <u>Ørskog</u>
Kvifor samarbeid	Kemneren utfører oppgåver på vegne av staten (Skattedirektoratet) med heimel i skattebetalarloven. Alle kommunane må opptre likt etter same lov- og regelverk . Dei brukar same IT-løysing og treng same fagkompetanse. Dette tilseier at det kan vere tenleg å samle kompetansen éin stad gjennom interkommunalt samarbeid.
Regional og lokal verdi	Arbeidsgjevarkontrollen rettar seg mot arbeidsgjefarar. Skatteinnkrevjinga rettar seg mot skattebetalarar. For kvar kommune er det viktig å sikre at det er minst mogleg ubetalt skatt og avgift. For regionen er det nyttig at kommunane opptre likt.
Aktuelle deltakarar	<p>Endringa i kommunestruktur påverkar ikkje talet på arbeidsgjevarar og skattebetalarar, ut over at det blir færre kommunar.</p> <p>Dei kommunane som deltek i samarbeidet i dag, kan vere potensielle samarbeidspartar med nye Ålesund.</p>
Samarbeidsavtale	<p>Dagens samarbeidsavtalar tar slutt.</p> <p>Nye Ålesund bør vere open for å inngå samarbeidsavtale om administrativt vertskommunesamarbeid med nye Ålesund som vertskommune. Samarbeidsavtalen må vere tydeleg på det økonomiske oppgjeret mellom vertskommunen og samarbeidskommunen, også for kostnader som vertskommunen får etter at samarbeidskommunen går ut av samarbeidet eller samarbeidet blir oppløyst.</p>

Krisesenter. Overgrepsmottak

Dagens samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> • Krisesenter: <u>Ålesund</u> er vertskommune for Giske, <u>Haram</u>, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, <u>Sandøy</u>, <u>Skodje</u>, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, <u>Ørskog</u> og Ørsta • Overgrepsmottak: <u>Ålesund</u> er vertskommune for Giske, <u>Haram</u>, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, <u>Skodje</u>, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein og <u>Ørskog</u>. Helse Møre og Romsdal har det økonomiske ansvaret
Kvifor samarbeid	<p>Både krisesenteret og overgrepsmottaket må ha høg kompetanse for å kunne ta imot personar i ei djup, akutt krise. Slik kompetanse kan bli vanskeleg å skaffe dersom senteret og mottaket er for lite og har få besøk. Tilbodet bør derfor dekkje eit omland som er større enn dei fleste kommunane har enkeltvis. Eit samarbeid mellom kommunane kan vere avgjerande for å kunne oppnå den kvaliteten som trengst og er forventa.</p>
Regional og lokal verdi	<p>Krisesenteret og overgrepsmottaket er først og fremst retta mot enkeltindividet, altså lokal verdi. Eit godt tilbod på desse felta vil også kunne gi ein indirekte regional verdi ved at det i regionen finst ei trygg hamn når ein kritesituasjon oppstår.</p>
Aktuelle deltakarar	<p>Kvar kommune har ansvar for at innbyggerane har tilbod om kritesenter og overgrepsmottak. Anten må kommunen etablere tiltaket på eigen kjøp eller samarbeide med andre.</p> <p>Ålesund har etablert både kritesenter og overgrepsmottak av høg kvalitet som kan dekkje behovet for alle kommunane på Sunnmøre.</p>
Samarbeidsavtale	<p>Dagens samarbeidsavtalar tar slutt.</p> <p>Nye Ålesund bør inngå samarbeidsavtalar om administrativt vertskommunesamarbeid med nye Ålesund som vertskommune. Samarbeidsavtalen må vere tydeleg på det økonomiske oppgjeret mellom vertskommunen og samarbeidskommunen, også for kostnader som vertskommunen får etter at samarbeidskommunen går ut av samarbeidet eller samarbeidet blir oppløyst.</p>

Landbrukskontor

Dagens samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Haram</u> er vertskommune for Giske og <u>Sandøy</u> • <u>Ørskog</u> er vertskommune for Nordre Sunnmøre landbrukskontor – <u>Skodje, Stordal, Sula og Ålesund</u> • <u>Haram</u> sel nokre landbrukstenester til Nordre Sunnmøre landbrukskontor • <u>Ørskog</u> sel nokre landbrukstenester til Norddal og Søre Sunnmøre landbrukskontor
Kvifor samarbeid	<p>Interkommunalt samarbeid gir større høve til å sikre nødvendig kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet til å levere dei tenestene den kommunale landbruksforvaltninga skal gi.</p>
Regional og lokal verdi	<p>Landbruksforvaltninga er primært retta mot landbruket i den enkelte kommune og i mindre grad mot regional utvikling.</p> <p>I dag er det Haram og Ørskog som er vertskommunar og som sel landbrukstenester. Denne kompetansen blir ført over til nye Ålesund som dermed for eigen del ikkje har behov for vidare samarbeid. Dette er likevel ikkje til hinder for å delta i eit interkommunalt samarbeid ved at nye Ålesund blir administrativ vertskommune.</p>
Aktuelle deltakarar	<p>Stordal går saman med Norddal i nye Fjord kommune. Norddal har i dag eige landbrukskontor, men kjøper enkelte tenester frå Ørskog. Det må bli opp til Fjord, Giske og Sula om dei, enkeltvis eller samla, ønskjer å inngå samarbeidsavtale med nye Ålesund.</p>
Samarbeidsavtale	<p>Dagens samarbeidsavtalar tar slutt.</p> <p>Nye Ålesund kan vurdere å inngå samarbeidsavtale om administrativt vertskommunesamarbeid der nye Ålesund er vertskommune.</p> <p>Samarbeidsavtalen må vere tydeleg på det økonomiske oppgjeret mellom vertskommunen og samarbeidskommunen, også for kostnader som vertskommunen får etter at samarbeidskommunen går ut av samarbeidet eller samarbeidet blir oppløyst.</p>

Legevakt

<p>Dagens samarbeid</p>	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Ørskog</u> er vertskommune for Norddal, Stordal og Vestnes om legevakt helg og kveld • <u>Ålesund</u> er vertskommune for <u>Haram</u>, <u>Skodje</u> og Sula for helg og kveld • <u>Ålesund</u> er vertskommune for Giske, <u>Haram</u>, <u>Norddal</u>, <u>Skodje</u>, <u>Stordal</u>, <u>Stranda</u>, <u>Sula Vestnes</u> og <u>Ørskog</u> om natt • <u>Ålesund</u> er vertskommune for Giske, <u>Haram</u>, <u>Norddal</u>, <u>Skodje</u>, <u>Stordal</u>, <u>Sula</u>, <u>Sykkylven</u>, <u>Vestnes</u> og <u>Ørskog</u> om naud-nett • <u>Sandøy</u> har skriftleg samarbeidsavtale med Aukra og Midsund om legevaktformidling
<p>Kvifor samarbeid</p>	<p>Kvar kommune har eit direkte ansvar for å gi sine innbyggjarar ei forsvarleg legevaktteneste .Ei ny forskrift for akuttmedisin stiller strengare krav enn tidlegare til medisinsk kompetanse. Samtidig har det blitt vanskelegare for kommunane å rekruttere fastlegar som også skal delta i legevaktarbeidet. Arbeidsmengda for fastlegane og vaktbelastninga med legevakt er viktige årsaker til dette. For kommunane vil krava i den nye forskrifta og legevakt med høg vaktbelastning gjere det vanskelegare å få til ei tilfredsstillande legevaktsordning. Eit interkommunalt legevaktsamarbeid kan dermed, for fleire kommunar, bli nødvendig for å følgje opp ansvaret på dette feltet.</p>
<p>Regional og lokal verdi</p>	<p>Nye Ålesund kan på eiga hand oppfylle sitt ansvar for å gi innbyggjarane ei tilfredsstillande legevaktteneste. Det vil likevel vere ein styrke for kommunen å delta i eit interkommunalt legevaktsamarbeid. For andre kommunane kan det vere avgjerande å få til eit samarbeid for å oppfylle karva i den nye forskrifta. Nye Ålesund vil vere ein naturleg samarbeidspartnar.</p>
<p>Aktuelle deltakarar</p>	<p>Fellesnemnda bør få utgreidd korleis legevakttenestene kan bli best mogleg internt i nye Ålesund – mellom anna for Nordøyane i tida fram til Nordøyvegen er klar til bruk – og kva konsekvensar dette vil kunne få for kva kommunar det eventuelt er aktuelt å inngå samarbeid med. Fellesnemnda bør sette ned ei eiga faggruppe til å vurdere dette.</p>
<p>Samarbeidsavtale</p>	<p>Dagens avtalar går ut og eventuelle nye må etablerast.</p> <p>Nye Ålesund bør tilby seg å vere administrativ vertskommune for andre kommunar, men da med færre variantar enn det dagens samarbeid omfattar. Samarbeidsavtalen må vere tydeleg på det økonomiske oppgjeret mellom vertskommunen og samarbeidskommunen, også for kostnader som vertskommunen får etter at samarbeidskommunen går ut av samarbeidet eller samarbeidet blir oppløyst.</p>

NAV

Dagens samarbeid	Skodje er vertskommune for NAV Storfjorden med Norddal, Stordal og Ørskog som samarbeidskommunar
Kvifor samarbeid	NAV skal yte mange ulike tenester som krev eit mangfald av høg kompetanse. Bli kontoret for lite vil det kunne bli vanskeleg å oppnå tilstrekkeleg breidde i kunnskapen. Eit samarbeid mellom kommunane kan vere med på å sikre dette og gjere det lettare å rekruttere spisskompetanse.
Regional og lokal verdi	NAV-tenestene har først og fremst lokal verdi da dei primært er retta mot enkeltindivid og arbeidsgjevarar, men tenestene skal også vere ein aktiv deltakar for å få til ein vel fungerande arbeidsmarknad og få flest mogleg i arbeid og aktivitet. Arbeidsmarkanden er ofte regional og slik sett har NAV også ein regional verdi.
Aktuelle deltakarar	NAV-kontoret er tufta på eit likeverdig partnerskap mellom stat og kommune. Partnerskapet avgjer sjølv kva tenester kontoret skal tilby ut over eit minstekrav. Dersom kvar kommune kan ha eit NAV-kontor som tilfredsstillar minstekravet, vil behovet for felles kontor med ein eller fleire andre kontor kunne falle bort. Dersom minstekravet ikkje kan bli oppfylt på ein forsvarleg måte, eller det er ønskje om at kontoret skal gi fleire oppgåver, kan det bli nødvendig med interkommunalt samarbeid. Kvar kommune må saman med den statlege partnaren avklare om det er nødvendig med interkommunalt samarbeid og i fall på kva måte.
Samarbeidsavtale	Noverande samarbeidsavtale tar slutt. Eventuell ny samarbeidsavtale må på plass dersom NAV-partnerskapen (stat/kommune) kjem fram til at interkommunalt samarbeid blir nødvendig. Nye Ålesund har mottatt spørsmål frå Fjord kommune om korleis nye Ålesund stiller seg til at NAV sine oppgåver i Fjord kommune blir løyst med hjelp frå nye Ålesund kommune.

PPT

Dagens samarbeid	Ørskog er vertskommune for PPT Storfjorden med Norddal, Skodje og Stordal som samarbeidskommunar
Kvifor samarbeid	<p>Kommunar som kvar for seg ikkje har tilstrekkelege ressursar til å yte ei fagleg forsvarleg teneste, vil gjennom interkommunalt samarbeid der ressursane blir samla på ein stad, kunne sikre seg nødvendig kompetanse og kapasitet.</p> <p>Ørskog tar sine vertskommuneressursar med inn i nye Ålesund. Samla sett vil derfor nye Ålesund kunne utføre sine PPT-tenester utan trong om interkommunalt samarbeid.</p>
Regional og lokal verdi	PPT-tenesta har først og frems lokal verdi da den er retta mot individ og den enkelte skule. Der det er etablert interkommunalt samarbeid om tenesta, vil det kunne gi indirekte verdi for regionen dersom samarbeidet bidrar til positivt oppvekstmiljø.
Aktuelle deltakarar	Norddal og Stordal sitt samarbeid med Ørskog tar slutt. Fjord kommune må da anten stå for PPT-tenestene sjølv eller søkje samarbeid med andre kommunar, f eks nye Ålesund.
Samarbeidsavtale	<p>Noverande samarbeidsavtale tar slutt.</p> <p>Dersom nye Ålesund skal delta i interkommunalt samarbeid om PPT, må ny avtale på plass med nye Ålesund som administrativ vertskommune.</p>

H Interkommunale selskap

Loven om interkommunale selskap (IKS) er særleg utforma med tanke på verksemd med egne inntekter og som har større eller mindre preg av næringsverksemd. Modellen er i utgangspunktet ikkje tiltenkt samarbeid om sentrale samfunnsoppgåver av stor verdi for velferdstenestene.

Eit interkommunalt selskap må ha minst to deltakarar.

Selskapet er ikkje ein del av kommunen, men eit sjølvstendig rettssubjekt. Oppgåver som blir lagt til eit slikt selskap blir med andre ord flytta bort frå kommunen. Blir selskapet tildelt oppgåver som kommunen har ansvar for, vil ikkje kommunen få direkte styring av og kontroll med oppgåvene. Styringa blir avgrensa til det som går fram av selskapsavtalen sin formålsparagraf og gjennom avgrensa, indirekte styring i selskapet sitt representantskap. Det er viktig at selskapet sitt styre er samansett slik at medlemene samla sett har tilstrekkeleg og relevant kompetanse for å drive selskapet i tråd med selskapsavtalen.

Å drifte kommunale oppgåver og tenester gjennom eit interkommunalt selskap, passar best der partane er noko lunne likeverdige og der direkte styring og kontroll ikkje er avgjerande viktig.

Regjeringa arbeider med forslag om endring av IKS-lova. Endringane kan bli av ein slik karakter at det i seg sjølv kan gi grunnlag for å vurdere om interkommunalt samarbeid gjennom bruk av IKS vil vere tenleg. Nedanfor gir delprosjektgruppa si vurdering av dei noverande IKS med utgangspunkt i nojeldande lov:

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKA)

Deltakarar	Alle kommunane i Møre og Romsdal med tillegg av fylkeskommunen.
Kvifor samarbeid	Selskapet arbeider med dei historiske og ikkje dei daglege arkiva. Oppgåvene til selskapet grip ikkje direkte inn i kommunane si daglege drift og det er ikkje nødvendig å ha direkte styring og høg kontroll med oppgåvene. Nettopp derfor kan det vere nyttig at kommunane samarbeider gjennom eit slikt selskap.
Regional og lokal verdi	Selskapet har ikkje oppgåve å drive regional utvikling. Likevel kan det vere av regional verdi å kunne gå til éin stad for å finne historiske dokument.
Aktuelle deltakarar	Alle kommunar i Møre og Romsdal med tillegg av fylkeskommunen.
Samarbeidsavtale	Dagens selskapsavtale tar slutt. Endringane av kommunestrukturen i fylket krev at det blir inngått ny avtale. Ny avtale kan byggje på noverande avtale med i hovudsak endringar i kven som er deltakarar, stipulert omfang av arkivmateriale for kvar deltakar, og fordeling av eigarskap og økonomi. Selskapsforma IKS bør bli vurdert på nytt dersom forslag til ny kommunelov blir vedtatt. I så fall vil interkommunalt samarbeid i form av 'kommunalt interessefellesskap' vere meir hensiktsmessig og i tråd med IKA sitt formål.

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Deltakarar	Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.
Kvifor samarbeid	<p>Kommunestyret avgjer sjølv om kommunen skal tilsette eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annan revisor.</p> <p>Både loven og forskrifta om revisjon i kommunane har krav om at revisor skal vere uavhengig av og objektiv til den kommunen han eller ho skal revidere. Dette gjer det naturleg å trekkje revisjonen ut frå kommunens interne organisasjon.</p> <p>For å sikre tilstrekkeleg breidde i revisjonens kompetanse er det ønskeleg med større fagmiljø. Dette kan bli oppnådd gjennom å bruke ein modell med interkommunalt samarbeid slik som f eks IKS.</p>
Regional og lokal verdi	Revisjonsarbeidet er avgrensa til kvar enkelt kommune og skal omfatte både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Arbeidet i seg sjølv har ingen regional verdi. Eit interkommunalt samarbeid som kan vere med på å auke kvaliteten på revisjonen, vil kunne få ein indirekte regional verdi.
Aktuelle deltakarar	Ny kommunestruktur gjer at 8 av dagens 12 deltakarar forsvinn. Midsund går inn i nye Molde. Nye Molde vil neppe bli deltakar. Dei 7 andre deltakarane som forsvinn blir til to nye kommunar. Dersom ikkje andre kommunar enn dagens deltakarar blir med i selskapet, blir talet på deltakarar halvert i høve til i dag.
Samarbeidsavtale	<p>Dagens selskapsavtale tar slutt.</p> <p>Endring i kommunestrukturen krev at det blir inngått ny avtale. Med nye deltakarar blir det nye eigarskap og ny økonomisk situasjon som krev nye forhandlingar.</p> <p>Selskapsforma IKS bør bli vurdert på nytt dersom forslag til ny kommunelov blir vedtatt. I så fall kan interkommunalt samarbeid i form av 'kommunalt interessefellesskap' vere hensiktsmessig.</p>

SAHARA (Sandøy/Haram) interkommunale vassverk IKS

Ved at Haram og Sandøy blir del av ein ny, felles kommune, fell grunnlaget for å halde fram med selskapet bort fordi eit IKS krev minst to deltakarar.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Deltakarar	Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.
Kvifor samarbeid	<p>Kvar kommune skal ha eit kontrollutval som skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Utvalet må ha ein viss avstand til forvaltninga for å kunne utføre oppgåvene sine på ein tilfredsstillande måte.</p> <p>I følgje forskrift om kontrollutval skal kommunen sørgje for at kontrollutvalet har ei sekretariathjelp som til ei kvar tid tilfredsstiller utvalet sitt behov. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og den eller dei som utfører revisjon av kommunen.</p> <p>12 kommunar har av desse grunnane vald å etablere eit IKS som skal stille med sekretariat for kontrollutvala i deltakarkommunane.</p>
Regional og lokal verdi	Kontrollutvalet er kommunestyret sitt organ og skal ikkje ha nokon regional funksjon. Eit felles sekretariat mellom fleire kommunar kan gi ein indirekte regional verdi ved at det kan vere med på å auke kvaliteten på arbeidet i kvar enkelt kommune i regionen.
Aktuelle deltakarar	Ny kommunestruktur gjer at 8 av dagens 12 deltakarar forsvinn. Midsund går inn i nye Molde. Nye Molde vil neppe bli deltakar. Dei 7 andre deltakarane som forsvinn blir til to nye kommunar. Dersom ikkje andre kommunar enn dagens deltakarar blir med i selskapet, blir deltakartalet halvert i høve til i dag.
Samarbeidsavtale	<p>Dagens selskapsavtale tar slutt.</p> <p>Endring i kommunestrukturen krev at det blir inngått ny avtale. Med nye deltakarar blir det nye eigarskap og ny økonomisk situasjon som krev nye forhandlingar.</p> <p>Selskapsforma IKS bør bli vurdert på nytt dersom forslag til ny kommunelov blir vedtatt. I så fall kan interkommunalt samarbeid i form av 'kommunalt interessefellesskap' vere hensiktsmessig.</p>

Sunnmøre regionråd IKS

Deltakrar	Giske, <u>Haram</u> , Hareid, Herøy, Norddal, Sande, <u>Sandøy</u> , <u>Skodje</u> , Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda, <u>Ørskog</u> , <u>Ørsta</u> og <u>Ålesund</u> .
Kvifor samarbeid	Selskapet skal mellom anna vere ein aktiv regional pådrivar med vekt på regional samfunnsutvikling og næringsutvikling og interkommunalt samarbeid. Selskapet skal elles drive med regional strategiutvikling, vere ein regional utviklingsaktør og fremje saker som utviklar regionen. Til dette trengst det samarbeid mellom kommunane.
Regional og lokal verdi	Regionrådet skal altså ha fokus på regionen og ikkje først og fremst den enkelte deltakarkommune sine primær-oppgåver. Det er med andre ord eit typisk interkommunalt samarbeidsprosjekt.
Aktuelle deltakrar	Dette selskapet bør alle kommunane på Sunnmøre framleis ha interesse av å delta vidare i.
Samarbeidsavtale	Noverande avtale tar slutt og må erstattast av ny. Ny avtale kan bygge på den gamle der først og fremst endringar i deltakrar og eigardel blir endra. Selskapsforma IKS bør bli vurdert på nytt dersom forslag til ny kommune kommunelov blir vedtatt. I så fall vil interkommunalt samarbeid i form av 'regionråd' vere meir hensiktsmessig og i tråd med regionrådet sitt formål.

Åknes/Tafjord beredskap IKS

Deltakarar	Norddal, Rauma, Stordal, Stranda, Sykkylven, Ørskog, Ørsta, Ålesund og Møre og Romsdal fylkeskommune.
Kvifor samarbeid	<p>Da selskapet vart etablert, var ein viktig del å overvake farlege fjellparti med høg risiko for store steinras. Raset frå Åkneset vil få store konsekvensar for strandlinene langs Storfjorden. Overvakinga er etter kvart tatt over av staten (NVE).</p> <p>Oppgåva som selskapet står att med, er å utvikle og drifte varslingsystem når alarmen for ras går eller når rasfaren er overhangande stor. Denne oppgåva er no tatt over av 110-sentralen.</p> <p>Selskapet skal elles hjelpe kommunane med å utarbeide beredskapsplanar. Ansvar for slike planar ligg til kvar enkelt kommune.</p>
Regional og lokal verdi	Da selskapet vart etablert, hadde det stor regional verdi fordi oppgåvene som var lagt til selskapet gjaldt mange kommunar. No når dei to viktigaste oppgåvene til selskapet er tatt over av NVE og 110-sentralen, kan det stillast spørsmål ved om det er behov for å halde fram med selskapet.
Aktuelle deltakarar	Sjå ovanfor.
Samarbeidsavtale	<p>Noverande selskapsavtale tar slutt og må eventuelt erstattast av ny om selskapet skal halde fram.</p> <p>Nye Ålesund har eigen beredskapsorganisasjon og treng derfor ikkje å samarbeidet gjennom eit interkommunalt selskap for å skaffe kompetanse på dette feltet. Behovet for utveksling av erfaring og kunnskap kan dekkjast gjennom meir uformelle samarbeidsforum.</p>

Ålesundregionen interkommunale miljøelskap IKS

Deltakarar	Giske, <u>Haram</u> , Norddal, <u>Sandøy</u> , <u>Skodje</u> , Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes, <u>Ørskog</u> og <u>Ålesund</u> .
Kvifor samarbeid	<p>Selskapet sin primæroppgåve er innsamling av avfall frå hushalda, ei oppgåve kvar kommune har ansvar for. Eit samarbeid mellom kommunane kan gi stordriftsfordel ved at innsamlinga kan skje meir effektivt og til rimelegare kostnad enn kommunane kvar for seg kan klare.</p> <p>Selskapet driv innsamling av slam har også engasjert seg i miljøoppgåver ut over berre innsamling. I nokre samanhengar kan det vere avgjerande for å løyse oppgåve at fleire kommunar samarbeider.</p> <p>Fordelane med å samarbeide gjennom eit IKS må vegast opp mot behovet for styring av og kontroll med utføringa av oppgåvene og tenestene og kva for oppgåver og tenester samarbeidet skal omfatte.</p>
Regional og lokal verdi	Innsamling av avfall frå hushalda har først og fremst verdi for den enkelte husstand. Kvar og korleis avfallet blir behandla kan derimot ha regional verdi. Også andre miljøtiltak med tanke på grøn kvardag og framtid vil vere av regional verdi.
Aktuelle deltakarar	Dersom eit samarbeid skal omfatte same geografiske område som i dag, vil dei 12 deltakarkommunane bli redusert til 7 der den eine vil vere meir enn dobbel så stor som dei andre til saman, rekna etter innbyggartal. I kva grad dette vil påverke interessa for å delta i samarbeidet, er per no ikkje kjent.
Samarbeidsavtale	<p>Noverande samarbeidsavtale tar slutt.</p> <p>Ein ny samarbeidsavtale må forhandlast fram.</p> <p>Justering av noverande selskapsavtale må rette opp dagens manglande samsvar mellom deltakarane sitt eigarskap og ansvar, og representasjon i dei styrande organ. Avtalen må også vere tydeleg omkring eigarskapstyring og oppgåver.</p>

I Felles råd

Nokre av dei fem kommunane deltek i interkommunalt samarbeid om tre typar råd:

Forliksråd

- a) Skodje og Ørskog har felles forliksråd med Stordal.
- b) Sandøy har felles forliksråd med Aukra og Midsund.
- c) Haram og Ålesund har egne forliksråd.

Kommunane si oppgåve er avgrensa til å velje forliksråd for sin kommune. Den alminnelege namsmann er sekretariat for forliksråda i sitt distrikt. Der eit forliksråd har felles sekretariat og ligg i same domssokn kan kommunar bestemme at dei skal ha felles forliksråd.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vedtok 19. desember 2017 forskrift om samanslåing av kommunane Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund til Ålesund kommune. Paragraf 4 i forskrifta lyder:

«§ 4. Fellesnemnda skal sørge for at sammensetningen av kommunens forliksråd er i samsvar med domstoloven § 27 og § 57 i perioden fra sammenslåingstidspunktet til nytt forliksråd trer i funksjon. Fellesnemnda kan fastslå at virketiden for de eksisterende forliksrådene i kommunene skal videreføres slik at den nye kommunen har to eller flere forliksråd i en periode.»

§ 27 slår fast: at kvar kommune skal ha eit forliksråd, at det er kommunestyret som vel leiar av rådet, at kommunen kan vedta om rådet skal ha to eller fleire avdelingar, at kommunestyret kan, om visse vilkår er oppfylt, vedta å ha felles forliksråd med andre kommunar. Paragrafen slår også fast kven som er sekretariat for forliksrådet, dvs. den alminnelege namsmann.

§ 57 slår fast: at kommunestyret vel medlemmer til forliksrådet, at valet skal skje innan 15. oktober året etter kommunestyrevalet, at valet gjeld for fire år frå 1. januar det komande året. Dette betyr at nye forliksråd skal veljast innan 15. oktober 2020 og dei nye råda tek til i si funksjonstid frå og med 1. januar 2021.

Fellesnemnda skal altså sørge for at samansettinga av forliksrådet i den nye kommunen blir rett i perioden 01.01.20 – 31.12.20. Det kan skje ved at fellesnemnda vel eitt forliksråd for den nye kommunen for nemnte periode. Føresetnaden for dette er at den nye kommunen høyrer til ein og same namsmann.

Fellesnemnda kan bestemme at funksjonstida til dei eksisterande forliksråda blir ført vidare slik at den nye kommunen i ein periode har to eller fleire forliksråd. Dette er greitt for forliksråda i Haram og Ålesund, men ikkje for Sandøy, Skodje og Ørskog. Sandøy har felles råd med Aukra – som held fram som eigen kommune – og Midsund – som går inn i nye Molde. Føresetnaden for å føre vidare dette felles forliksrådet er at Aukra, nye Molde og nye Ålesund blir samde om det og at desse kommunane kjem inn under same namsmann. Tilsvarande blir det for det felles forliksrådet mellom

Skodje, Stordal og Ørskog. Skal dette halde fram må det bli semje mellom Fjord og Nye Ålesund og at desse kommunane kjem inn under same namsmann.

Før fellesnemnda kan ta stilling til denne saka, må den kartlegge inndelinga av namsmannsdistrikta og korleis dei andre kommunane (Aukra, Fjord og nye Molde) ser på ei mogleg vidareføring av noverande forliksråd.

Politiråd

- a) Haram har eige politiråd saman med Haram lensmannskontor.
- b) Sandøy har felles politiråd saman med Aukra , Midsund og Sund lensmannskontor (blir endra til Haram lensmannskontor våren 2018).
- c) Ørskog har felles politiråd saman med Skodje, Stordal og Ørskog lensmannskontor som no er blitt til Haram lensmannskontor.
- d) Ålesund har felles politiråd saman med Giske, Sula og Sunnmøre politistasjon.

Politiråd er eit formalisert samarbeid mellom lokalt politi og kommunane der målet er å hjelpe til med samhandling om kriminalitetsførebyggjande arbeid og tryggleik i lokalsamfunnet. Dette er eit frivillig tiltak som fleire kommunar tek del i.

Organiseringa av politiet vil avgjere korleis politiråda skal bli sett saman. Nye Ålesund må ha tett dialog med politiet for å få avklart kva som kan eller bør skje her.

Kyrkjeleg fellesråd

- a) Skodje og Ørskog har saman med Nordal, Stordal og Stranda danna Storfjorden kyrkjelege fellesråd.
- b) Haram, Sandøy og Ålesund har eigne fellesråd.

I kvar kommune skal det vere eit kyrkjeleg fellesråd med to medlemmer frå kvart av sokneråda i kommunen, eitt vald av kommunen, og ein prost eller annan prest vald av biskopen. Er det fleire enn fem sokn i kommunen, skal kvart av dei ha eitt medlem.

Kyrkja har no starta arbeidet med å sjå på organiseringa av dei kyrkjelege fellesråda som følgje av endringa i kommunestrukturen. Nye Ålesund må ha tett dialog med kyrkja for å avklare den faktiske situasjonen før det blir tatt nærare stilling til om det er aktuelt med interkommunalt samarbeid om kyrkjeleg fellesråd.

J Felles styre

To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre for å løyse felles oppgåver, jf. kommunelova § 27. Forslaget til ny kommunelov har som nemnt, tatt ut modellen med felles styre etter § 27. Dei samarbeida som no er heimla i denne paragrafen, vil i så fall ta slutt og ny modell må bli vald med heimel i den nye loven. Modellane lovforslaget opnar for er a) kommunalt oppgåvefellesskap, b) interkommunalt samarbeid som administrativ vertskommune, og c) interkommunalt vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd. Modell a) kan ikkje bli brukt dersom det skal bli lagt mynde til samarbeidet.

Status i dag for dei fem kommunane er slik:

E-kommune Sunnmøre

Deltakarar	Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Sula, Ørskog og Ålesund.
Kvifor samarbeid	Dette er eit interkommunalt samarbeid for å utvikle dei elektroniske tenestene i samarbeidskommunane. Det felles styret skal stå for den strategiske utviklinga av arbeidet med dei elektroniske tenestene.
Regional og lokal verdi	Deltarkommunane har blitt samde om at ordninga med felles styre skal ta slutt. Kommunane er også samde om å avgrense samarbeidet til drift av IT-tenestene.
Aktuelle deltakarar	<p>Styret i E-kommune Sunnmøre har gått inn for oppløysing av den strategiske delen, Strategi- og bestillerleddet, dvs. medrekna styret.</p> <p>Samarbeidsavtalen krev 2/3 fleirtal for oppløysing. Styret sitt forslag oppnådde ikkje slikt fleirtal. Dei fem kommunane i nye Ålesund Kommune gikk inn for oppløysing, men Sula gikk inn for oppseiing, Oppseiingsfristen er eitt år. Giske og Norddal gikk inn for å vidareføre samarbeidet.</p> <p>Konklusjonen er at samarbeidet held fram som før ut 2018. Etter det vil Giske og Norddal prøve å få med fleire kommunar, og drive dette vidare, utan dei kommunane som ønskjer oppløysing eller oppseiing.</p>
Samarbeidsavtale	For nye Ålesund bør det ikkje vere aktuelt å inngå interkommunalt samarbeid om strategi og bestilling innan IKT-tenestene.

Interkommunalt utval mot akutt forureining(IUA)

Deltakarar	<ul style="list-style-type: none"> IUA Romsdal: Aukra, Fræna, Midsund, Molde, Nesset, Rauma, <u>Sandøy</u>, Vestnes IUA Sunnmøre: Giske, <u>Haram</u>, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, <u>Skodje</u>, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, <u>Ørskog</u>, <u>Ørsta</u> og <u>Ålesund</u>
Kvifor samarbeid	Kommunane er pålagde å opprette felles IUA.
Regional og lokal verdi	Akutt forureining kan ramme fleire kommunar og store delar av regionen. Eit interkommunalt samarbeid kan vere avgjerande for å motverke best mogleg av skadeverknadane.
Aktuelle deltakarar	Alle kommunane på Sunnmøre bør framleis delta. Fellesnemnda bør be IUA Sunnmøre vurdere om det kan vere tenleg med formelt samarbeid med IUA Romsdal om farvatna rundt dei nordlegast Nordøyane.
Samarbeidsavtale	Dagens samarbeidsavtale bør kunne førast vidare, men med dei endringane nye juridiske einingar tilseier (deltakarar og eigarskap). Blir forslaget til ny kommunelov vedtatt, vil modellen for samarbeidet måtte bli endra. Aktuell modell blir 'kommunalt oppgåvefelleskap'.

Ålesundregionens havnevesen

Deltakarar	<u>Giske</u> , <u>Haram</u> , <u>Sula</u> og <u>Ålesund</u>
Kvifor samarbeid	Kommunane skal sjå til at hamnene og sjøområda i sitt område er sikre og gjer det mogleg å kome fram til sjøs. Kommunar som grensar til kvarandre i sjøen med felles ferdselssoner, må kunne samarbeide for å kunne utføre sine oppgåver etter hamne- og farvasslova. Det kan da også vere naturleg å samarbeide om felles driftsorganisasjon for kommunale hamner.
Regional og lokal verdi	For brukarane av sjøområda er kommunegrensene mindre viktig enn det å kunne ferdast trygt og ha tilgang til hamner. Det å etablere eitt felles punkt der dei sjøfarande kan vende seg til i staden for å måtte kontakte kvar enkelt kommune, vil kunne opplevast som ein regional verdi.
Aktuelle deltakarar	Nye Ålesund vil omfatte dagens kommunar Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund. To av desse er i dag med i hamnesamarbeidet. Dersom Giske og Sula er interessert i framtidig samarbeid med nye Ålesund, bør nye Ålesund vere open for det.
Samarbeidsavtale	Dagens samarbeidsavtale tar slutt. Eit eventuelt nytt samarbeid krev ny avtale. Dersom forslaget til ny kommunelov blir vedtatt, kan ikkje dagens samarbeidsform med felles styre (§ 27) brukst. Da må det anten bli eit vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd, eller at det blir etablert eit interkommunalt selskap (IKS). Havnevesenet bør bli oppmoda om å utreie aktuelle samarbeidspartar og samarbeidsform.

K Om komiteen sitt arbeid

Komiteen har i sitt arbeid lagt til grunn at eitt av måla med kommunereforma er å redusere behovet for interkommunale samarbeid slik at kommunen kan få sterkare styring og kontroll – politisk og administrativt – over dei tenestene og det forvaltningsansvaret kommunen har plikt til å gi sine innbyggjarar.

Kommunen er pålagt direkte ansvar for mange oppgåver og tenester. Eit direkte ansvar krev sterk direkte styring og høg kontroll for å sikre at oppgåvene blir gjort og teneseten blir gitt. Fellesnemnda ser at dette kan vi best oppnå gjennom at arbeidet blir lagt til kommunens eigen organisasjon.

Mange oppgåver og tenester kan løysast på ein god og hensiktsmessig måte gjennom interkommunalt samarbeid. Dette kan vere av rasjonelle og/eller økonomiske grunnar. Det kan vere for å kunne gi innbyggjarane tenester av høg kvalitet med rett kompetanse og for å stå sterkare i rekrutteringa av spisskompetanse. Samarbeid kommunane imellom vil dessutan vere viktig for å styrkje regionen. Fellesnemnda vil derfor at nye Ålesund på fleire områder skal vere ein aktiv deltakar i interkommunale samarbeid.

Komité P3 vart oppnemnt av fellesnemnda i møte 24.08.17 Gruppa hadde sitt første møte 26.09.17 og har til saman hatt 6 møter.

Komiteen har hatt slik samansetting:

Medlemer:

Oddvar Myklebust, leiar	Sandøy kommune
Frode Andersen, nestleiar	Ørskog kommune
Haldor Lillebø	Haram kommune
Kjell Haukeberg	Skodje kommune
Svein-Rune Johannessen	Ålesund kommune

Konsultative medlemer:

Frode Nordstrand	Hovudtillitsvald
Stig Meisal	Hovudverneombod

Administrativ tilretteleggar:

Tore Hals	nye Ålesund
-----------	-------------

Komiteen legg med dette fram sin rapport til fellesnemnda, datert 09.01.2018.

På vegne av komité P3:

Oddvar Myklebust (sign.)
leiar